

ARBEID ETTER EIGARSEKSJONSLOVA § 15

1. Alminnelege reglar

1-1 Gebyret gjeld saksbehandling etter lov om Eigarseksjonar av 16.06.2017 nr. 65.

1-2 Gebyret er inklusiv utskrift av matrikkelbrev og eventuell befaring av eigedomen.

1-3 I tillegg til gebyra her, kjem tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift ved overføring av eigedomssrett.

1-4 Gebyret er unnateke meirverdiavgift.

1-5 Om søknaden blir avslått, blir det rekna fullt gebyr.

1-6 Om søknad om seksjonering eller reseksjonering blir trekt før den er behandla eller av andre grunner ikkje kan behandlast, blir det rekna halvt gebyr.

1-7 Om kommunen pålegg seksjonssameigarar å reseksjonere, blir det rekna fullt gebyr.

1-8 Om det er stort sprik mellom det arbeidet kommunen har og storleiken på gebyret, kan kommunen på eige initiativ fastsetje eit anna gebyr ut frå tida som er brukt; timesats 975kr.

2. Søknad om seksjonering og re-seksjonering

2-1 Seksjonering av nybygg og eksisterande bygg; inntil 4 seksjonar: 8 240 kr

Tillegg for kvar seksjon over 2 seksjonar: 670 kr per seksjon.

2-2 Re-seksjonering inntil 4 seksjonar: 9 375 kr

Tillegg for kvar seksjon over 2 seksjonar: 880 kr per seksjon.

3. Oppretting av utandørs tilleggsareal

Oppretting eller endring av utandørs tilleggsareal blir gjennomført ved ein oppmålingsforretning jfr. matrikkellova § 6, 1. ledd, bokstav e, og kjem i tillegg til gebyr etter p 1 og 2.

Gebyr for utandørs tilleggsareal per eigarseksjon: 60% av tilsvarande gebyr etter matrikkellova.

4. Oppheving av seksjonering

Behandling av melding om oppheving av seksjonering: 5 500 kr

Det skal ikkje betalast tinglysingsgebyr ved oppheving av seksjonering.